




# ÅRSMELDING

## IL Jotun turn

### 2022



### 1. Styret sin samansetning

Leiar: Marianne Vee Hellebø (sit i denne posisjonen, då turngruppa manglar leiar).

Nestleiar: Marianne Vee Hellebø (2021-2022)

Økonomiansvarleg: May Lisbeth Midtun (2022-2023)

Styremedlem: Andre Laberg (2021-2022)

Styremedlem: Kristin Eldegard (2021-2022)

Styremedlem/referent: Ingeborg Hjelle (2021-2022)

Styremedlem: Tonje Lund Tufte (2022-2023)

Styremedlem: Veronika Bjørnerud (2022-2023)

### 2. Grupper – utval - komitear

Anleggskomité: Stian Bye og Ruth Laberg

Sportsleg utval: Leiar: Sofie Moen. Elles består sportsleg utval av: Mette Kleiva, Aina Heggø, Marita Lindborg, Elin Haug og Stian Moen Listhaug.

### 3. Møter og tilstellingar

Antal styremøte: 5

Møter sportsleg utval: 1

Samarbeidsmøte: 2 møter med styremedlemar og trenarar i Åtil turn

Trenarmøte: 1

Inntektsgjevande arrangement m.m.:

Internkurs for trenarar i Jotun, 2.mars
KM 20.mars i Årdalshallen (kiosksal)
Turnoppvisning for publikum i Årdalshallen, 3.april (m/kiosk og loddsal) *utsett juleoppvisning pga korona
Treningssamling for Jotun, Lærdal, Sogndal og Åtil i Årdalshallen.
Arr. «open trening» 3 søndagar denne hausten, der det har vore turnarar og trenarar frå Åtil og Sogndal i tillegg til Jotun.
Juleoppvisning for publikum i Årdalshallen, 11.des. (m/kiosk og loddsal)
Open dag for alle i romjula (27.des). m/kiosk og «disco»i bassenget

### 4. Saker

Anleggsgruppa jobbar framleis med prosjektet kring ein framtidig fleirbrukshall, noko som har høg prioritet og støtte frå turngruppa. Agnitiøhallen me har i dag, er i utgangspunktet eit tilfluktsrom, og difor ikkje godt tilpassa vår aktivitet. Det er for låg takhøgde for trampett-trening på junior/senior-nivå. I tillegg har me utfordringar med å få god nok ventilasjon til vårt bruk. Difor har me, og har hatt utfordringar med fukt, noko som har ført til ein del skadar på turnutstyret vårt. Fleirbrukshallen er viktig for turngruppa, og dette er ei sak me vil halde fram med å jobbe for.

I august mnd. oppdaga me fuktskadar på golvet i turnhallen. Etter synfaring frå Årdal kommune v/Frank Runar Øren, vart det bestemt å stenge hallen og male oppatt golvet før me kunne ta den i bruk. Turngruppa utførte arbeidet, og kommunen dekkja utgifter på maling og utstyr. I tillegg valde turngruppa å investere i golv, som skal beskytte utstyret til turngruppa mtp framtidige fuktskadar. Me har også kjøpt inn 1 ny trampett til bruk i Årdalshallen i år.

5. **Medlemstal** (85 aktive turnarar og 28 aktive trenarar)

Gutar 2014: 15 medlemmar

Jenter 13/14 18 medlemmar

Jenter 09/10: 3 medlemmar

Jenter 11/12: 20 medlemmar

Gutar 12/13: 11 medlemmar

Ungdomstropen: 18 medlemmar

Trenargruppe: 28 medlemmar

I tillegg har me dei som deltek på turn via allidretten: 87 (då har me trekt dei i frå på gruppene f. 2013/14)

**Totalt: 285 medlemmar**

6. **Utdanning**

- Sofie Moen har gjennomført Trenar 2-kurs, og i tillegg førarkort på minibuss.

- Hjertestartarkurs og fyrstehjelpskurs for alle trenarar og oppmenn i Jotun.

7. **Særforbund**

Norges Gymnastikk og turnforbund

8. **Økonomi**

Gjennomgang av rekneskapen

Omsetning i gruppa: 272 037,-

Resultat: 11 452,-

9. **Stemner, konkurransar, rekordar**

Ungdomstropen var påmeldt til KM- Vestland i nov., men måtte trekke seg pga stengte vegar.

Som erstatning, sendte dei inn programmet sitt digitalt til vurdering.

10. **Mottekne midlar**

LAM, sponsormidlar, treningsavgift, Årdal Kjemiske fagforening.

11. **Anlegg**

Trenar i Agnitiohallen og Årdalshallen

12. **Oppgåver i året som kjem**

Jobbe for å få til eit godt samarbeid med Åtil

Jobbe for å rekruttere ungar til turngruppa, spesielt på gutesida.

Jobbe vidare for å få på plass ein fleirbrukshall.

Fullføre fyrstehjelpskurs og hjertestartarkurs for alle i turngruppa.

Utdanne nye, og auke kompetansen i trenargruppa.

Treningssamling

Arrangement i samband med Jotun sitt 100-års jubileum.

13. **Evt. Eksterne tillitsverv ++**

Ingeborg Hjelle er leiar i Sogn og Fjordane symjeklirns.

## 14. Generell del

### Aktivitet i gruppene:

#### Gutar 12/13

Denne gjengen med gymnastar består av 10 ivrige gutar. I år har me slått i lag to årskull. Det er 9 stk frå 2013 og 1 frå 2012. Trenerteamet består av 4 stk, med god støtte fra Sofie og.

Dei har fast treningar på onsdagar. Framgangen i år har vore stor hjå alle og det er rett moro å sjå meistringskjensla når nye triks sitter slik dei skal.

På fellestreningar på søndagar er dei og ivrige, og der store trampolina er ein av favorittane.

Me gler oss allereie til å sjå kva denne kjekke gjengen med stort pågangsmot kan få til.

Mette Kleiva



#### J 2011/12

Me er heldige, og har ein stabil tropp på 20 jenter. Desse er svært ivrige og viser stor treningsglede. Dei tek stadig nye steg på treningane, og me har no i år fått eit ekstra treningstilbod i Årdalshallen kvar søndag. Søndagstreningane er eit samarbeid mellom Jotun og Åtil, der Jotun kan delta frå årskull 2012 og oppover. Dette er svært kjekt, og me håpar at fleire vil ta turen dit etter kvart. Treningane i hallen er styrt av Sofie Moen, og elles dei trenarane som har høve.

Når det gjeld oppvisingar og konkurransar, har jentene i år delteke på 2 oppvisningar i Årdalshallen. Dei er no gamle nok til å kunne delta på konkurransar, noko som me vurderer fortløpande. Kanskje nokre av dei ynskjer å delta i konkurranse dette året som kjem.

Me er elles svært heldige å ha med oss mange trenarar i denne gruppa, og me er veldig glade for å ha med oss dei unge trenarane: Mathea Straumsheim Breivik, Asta Hetle og Ailin Hellebø. Me håpar verkeleg at desse held fram i Jotun turn. Elles er det Marte Winther, Marianne V. Hellebø, Kristin Eldegard, Veronika Bjørnerud, Iselin Oksholen og May Lisbeth Midtun.

Marianne

## J 2011/12



## J 2013/14

Jenter 2013/2014 har 30 gymnastar og 9 trenarar. Dei starta opp 10.mars 2022 , å har på kort tid hatt god utvikling alle som ein. Kjekk og livleg gjeng med jenter som gir alt! Treningane består som oftast av: Velkomst og oppvarming i ring på golvet , største delen av økta består av fleire stasjonar med deløvelsar. På slutten får dei «turna fritt» som me seier, å avsluttar alltid i ring med uttøying og litt prat. Trenarane består av Veronica Johansen Hellebø, Elin Haug, Eirin Asperheim, Karla Ene, Mali Bye, Helene Lindborg , Unni Lindborg, Karoline Styve Igelkjøn og Marianne Haug Moen. Nokre gonger har me med oss Bertine Hellebø som hjelpetrenar.



## Gutar 2014

Gutar 2014 starta opp med turntreningar i oktober. Dei er ein ivrig gjeng på 15 gutar som trenar kvar måndag kl. 17-18, med stort oppmøte på kvar trening. Dei har jobba med basisøvingar, og prøver seg

på salto på trampett. Gutane tykte det var veldig kjekt å få vera med på turnoppvisningen i desember, sjølv med få treningar i forkant.

Trenarar for denne gruppa er Mads Heggø, May Lisbeth Midtun, Iselin Oksholen, Malin Hellebø, Lisell Måren, Silje Ylvisåker og Rebin Talib. I tillegg har me hatt veldig kjekk og god hjelp av Asta Hetle og Mathea Breivik.



## UNGDOMSTROPPEN

Hovudtrenarar: Sofie Moen og Aina Heggø

Antal gymnastar: 13 stk i alderen 2008-2004

Dei siste åra har vore prega av COVID og restriksjonane rundt dette. Troppsturn er idrett der trenarane må vera tett på og avstandsreglar er vanskeleg å overhalde.

Trass dette fekk me endeleg i mars 2022 arrangere konkurranse på heimebane igjen. Kretskonkurransen gjekk av stabelen i Årdalshallen 20.mars og me stilte med ein juniortropp og ein seniortropp. Me hausta mange medaljar, men mest av alt var me glade for å endeleg kunne stille på konkurransegolv et igjen.

Gruppa har 2-3 treningar i veka, oppmøtet og innsatsen er god.

Dette er ein treningsvillig og motivert gjeng, som er flinke å sette seg mål og jobbe mot desse. For mange er konkurransar ein motivasjon og me er stolte av å ha den einaste seniortroppen i fylket, og troppen gjer det godt på trening og i konkurransar.

I november skulle me igjen få konkurrere. Da var det tid for kretskonkurranse i Bergen. Me hadde trent og godt og alle seriar sat som dei skulle. Me hadde gleda oss til å komme på tur igjen og ha det kjekt både sportsleg og sosialt.

Været sette ein stoppar for denne turen. Det var uvær på Vestlandet og stengde vegar gjorde at me ikkje kom oss til Bergen denne gangen. Det var ein skuffa gjeng som til slutt fekk sende inn seriane sine til dommarane via video. Me fekk tilbakemeldingar frå dommarane om kva me må jobbe vidare med, men me fekk ingen plassering i konkurransen.

No jobbar me mot nye mål og konkurransar i 2023, og gledar oss til å forsette å jobbe med kjekk gjeng ungdommar



GLIMT FRÅ TRENINGAR OG OPPVISNINGAR

## Leiar har ordet

Tusen takk til hovudsponsorar og andre som bidreg til at me kan drive turngruppa på ein god måte. I tillegg må me takke trenarane for at dei veke etter veke stiller opp for ungane på trening, stemner, konkurransar, dugnadar m.m. De gjer ein fantastisk jobb.

Me i turngruppa er også svært glade for at de unge har mogelegheit til å vere med som trenarar. Ein spesiell takk til desse: Mali Bye, Karla Ene, Mathea S. Breivik, Asta Hetle, Bertine Hellebø og Ailin Hellebø. De er flotte førebilete for dei unge turnarane våre.

Så vil eg gjerne takke Sofie Moen og Aina Heggø for å vere positive pådrivarar til at turngruppa fungerer så bra som den gjer.

Det har elles vore eit hektisk år, med oppstart etter nokre år med korona. Ungane har endeleg fått mogelegheit til å vise fram det dei har øvd på for familie og venner. Me har i år hatt 2 oppvisningar i Årdalshallen, noko som har vore vellukka arrangement. Me håpar at 2023 byr på enno fleire kjekke turnarrangement.

Turnstyret  
v/Marianne V. Hellebø

Marianne Vee Hellebø, leiar (nestleiar)

---

Tonje Lund Tufte – styremedlem

---

May Lisbeth Midtun – økonomiansvarleg

---

Veronika Bjørnerud - styremedlem

---

Ingeborg Hjelle – styremedlem/referent

---

Kristin Eldegard – styremedlem

---

Andre Laberg – styremedlem

---